



Saksbehandlar: Steinar Harberg
sha@hib.no 55587759

2006 / 3495 - 020
Vår dato: 26.06.2006
Dykkar dato: 18.04.2006

Vår ref. 2006/950 - 0/
Dykkar ref.: 2006/033495KU/KL

Kyrkje- og kulturdepartementet
P. boks 8030 Dep
0030 Oslo

Endringar i forskrift om målbruk i offentlig teneste. Høyringsfråsegn.

Høgskolen viser til høyringsbrev dagsett 18.04.06. Mottakarane vert bedne om å kommentere det utsende utkastet til endring i forskrifta.

Det er ingen store og gjennomgripande endringar som vert målborne i utkastet. Vi merker oss at det no er Kultur- og kyrkjedepartementet som har hand om mållova med forskrift. Dette er vel meir ei praktisk ordning enn eit signal om at Staten vil leggje meir vekt på målbruken i offentlig sektor som ein kulturfaktor ved sida av dei jamstelte målformene som bruksspråk innan vitenskap, forvaltning og media.

Endringane i forskrifta gjeld særleg §§ 1, 6 og 8. Medan gjeldande forskrift slår fast at (det som var) KVD fører tilsyn med gjennomføring av reglane om målbruk... osv, skal no ombodet delast mellom KU og Språkrådet. Det er ikkje lett å skjønne kvifor både departementet og Språkrådet skal føre tilsyn. Slik framlegget til ny tredjelekk i §1 er føreslått, kan det skape forvirring om kven som er eigentleg heimelsinstans ved rapportering. Etter vårt syn bør denne lekken innehalde ei presisering om kven som har ansvar for kva (KU har ansvar for departementa, Språkrådet for andre statsorgan).

Når det gjeld §6, vil Høgskolen i Bergen hevde at den nye utforminga av paragrafen er fornuftig. Det er etter vårt syn rett å krevje at sentrale statsorgan fastset intern instruks om målveksling. *Høgskolen meiner det i tillegg bør kome eit punkt om at Språkrådet kan be om å få tilsendt kopi av vedteken instruks.*

Ny §8 har høgskolen ingen kommentar til anna enn eit spørsmål om kven som skal følgje opp at rapportering av vedtak verkeleg skjer. Bør Språkrådet få oppgåve som "vaktbikkje" i denne samanhengen?

Til slutt: Høgskolen er klar over at høyringa ikkje gjeld §2 i forskrifta. Men det må likevel vere tillate å kommentere siste lekk i paragrafen:

"I særlege høve kan Kultur- og kyrkjedepartementet etter søknad frita einskilde tenestemenn eller nærmare fastsette grupper av tenestemenn frå plikta om å nytte begge målformer".


Dette kjem i tillegg til det generelle fritaket som gjeld utanlandske statsborgarar utan sidemålsopplæring i vidaregåande skole osv.

Det er ikkje lett for institusjonane å gje rettleiing om forståing av denne paragrafen andsynes tilsette som slit med norskkunnskapane. Difor hadde det vore greitt om andre lekk i §2 også kunne innehalde døme på grupper og ein-skilde tenestemenn som ein tenkjer seg som moglege søkjarar.

Det ville vere feil å seie at mållova vert etterlevd 100%. Difor er det svært viktig – ikkje minst for nynorsken sin del – at både departementet og Språkrådet er aktive overvakarar av målbruken innan offentleg sektor.

Med helsing


Nils Mæhle
høgskoledirektør


Steinar Harberg
underdirektør